

# Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## **Palmesøndag – 13. april 2014**

Preiketekst: Joh 12, 12-24  
Lesetekst I: 2 Mos 12, 21-28  
Lesetekst II: Ef 2, 12-18

## **Jesus inn i påske-vrømmelen**

Palmesøndag gjev mange gode assosiasjonar. Folk flest ser for seg barneopptrinn med to- eller firbeint esel, tuja-palmer og lystige Hosianna-rop! Israelsvener kjenner det rykkja i sjel og koffert når Jerusalem, Sion, Galilea og andre destinasjonar vert lista opp! Dei som elsker Skrifta, og dermed Sion, kroar seg over fyldig teksttilfang, der profeti og oppfylling går hand i hand.

Elles er dagen porten inn til den store høgtida. Det dagen er i seg sjølv, gjev god meining og læring, og det han er som del av "gull-rekkja" Palmesøndag-Skjærtorsdag-Langfredag-Påskedag, er heilt fundamental i kristentrua og -livet.

### **Israels Messias**

Dagen og ordet seier oss noko om Herren. Han er Israels Messias, som vert tiljubla med skriftene sin eigen liturgi. Han er audmjuk, men målbevisst, slik profeten varsla (Sak 9,9). Han vekker engasjement og set skilje mellom menneske, slik Israel hadde lese om det i generasjonar (Jes 8,14). Han skjerpar lengten og trua hjå folket som ventar (Jes 40). Han er den lidande tenar, slik Herrens utløyste vel visste, men ikkje skjøna.

Så er det å ønskja at dagen og helga og ordet ikkje berre avdekkjer kjende reaksjonsmønster, men får bringa Jesus Messias inn i påske-vrømmelen, så små og store får sjå han som vil dei vèl, ja, vil frelsa.

### **Norske grekarar**

Sjølv norske "grekarar" kan be stilt eller høgt om å "få sjå Jesus". Herrens eigne kan så vera erfarne fjellfolk, og gje ikkje berre lettvinne anbefalingar, men fyldig vitnemål om Han som er salva.

Dei kom frå Betania og Lasarus-hendinga, Joh 11. Herrens røyst hadde skapings- og gjenfødingkraft i seg, og døden måtte gje slepp på Jesu ven. Mange kom til tru på Jesus av den grunn. Deira vitnemål kompletterte Hosianna-ropa der ved byporten. Han skulle atterreisa Israel, men på ein annan måte enn dei venta. Dei venta på Israels frelse, og no velsigna dei hans kome, jamfør gamle Simeon ved starten av Jesu jordeliv.

Israels dotter fekk meir enn ho først tenkte: Herren over dødens makt.

I Betania vart dette synleggjort, men først då kveitekornet vart lagt i jord, kunne det gje stor grøde, - ”for jøde først, og så for grekar”.

### **Samanhengen er viktig**

Både lesar og forkynnar bør gje seg tid til å studera samanhengen; dei ytre omstende er viktige. Johannes fortel om salvinga av Jesus; han plasserer denne hendinga før inntoget, ikkje etter som hjå synoptikarane.

Det er viktig for evangelisten å få fram Jesu kongestatus som bakgrunn for inntog, hosianna-rop og sidan lidinga.

Jesus er Messias (han som er salva). Nettopp difor gjekk han vegen inn porten til byen og til kross og grav.

Det er elles både naturleg og viktig at me tek gleda med denne søndagen.

Det friske, ”barnlege” står ikkje i motsetning til det djupe alvoret knytt til Jesu offer.

Dessutan er jo Palmesøndag også søndag; om enn i pasjonstida under faste, så like fullt Herrens dag.  *Dette er dagen som Herren har gjort* (Sal 118,24), då skal me som kjent gleda oss!

### **Salmene er våre palmegreiner**

Salmeboka set ord på tru og lengt; NoS 134 *Se hvor nu Jesus treder* er ein vemodig salme, men har ein understraum av gleda i Herren. Kanskje kan den passa godt attåt *Hosianna, syng for Jesus* (NoS 137).

Lovsong sømer seg for Guds folk; det er vår ”palmegrein”. Og når me går inn i den stille veka, kan starten vera viktig. Den peikar framover mot Påskedag, som igjen femner det som ligg bak: Herrens liv, død og oppstode. Dette ligg der alt i Palmesøndag, kimen til Jesu siger, og den evige, fullkomne gleda.

Farisearane surmulte: ”Heile verda spring etter han” (vers 19). Ja, nettopp, kven skulle dei elles gå til!

### **Ved foten av breen**

Sjølv skal eg feira gudsteneste i Breheimsenteret, ein ”katedral” ved porten til Jostedalsbreen. Det gjev meining: Å sjå *den evige sne* samstundes som me syng lovsongar til Han som ER. Ein vert audmjuk i høve det veldige skaparverket, samstundes som me tilbed han som er Det evige livet.

Jesus kjem til oss òg, inn gjennom våre portar; han kjem med liv og frelse!

### **Geir Paulsen**

Sokneprest i Luster. I mange år frivillig forkynnar, medlem og leiar av krinsstyret for Israelsmisjonen i Sogn & Fjordane.

[geir@kyrkja.luster.no](mailto:geir@kyrkja.luster.no)